

VISITASFOREDRAG VED BISPEVISITAS I NAUSTDAL

30. SEPTEMBER - 5. OKTOBER 2014

Kjære kyrkjelyd!

Dette er ein spesiell visitas. Det er fyrste gong Naustdal har visitas aleine og det er fyrste gong eg har visitas som fungerande biskop. Som fyrstereisgut på visitas har dette vore ei flott oppleving for meg. Det har vore fine dagar. Eg fekk ha gudsteneste her i kyrkja saman med Dalen skule og snakka med dei om den gode hyrding og om sauer, og sauer hadde dei greie på. Born frå Vevring skule viste meg kunsten i bygda og kyrkja si med den historiske albertavla frå før reformasjonen. Kulturkvelden med mottoet «Kyrkja midt i bygda, midt i livet!» var ei stor oppleving. Det var fullt kyrkjelydshus, og programmet hadde flotte innslag frå mange generasjonar. Kvelden vart leia av to flinke jenter frå ungdomsutvalet og det var eit fint program med gitarspel og song frå kulturskulen og opplesing. Og så var det rikeleg med flate kaker. Og jommen klarte dei ikkje å setja meg fast i ein quiz om Sunnfjorddialekten.

Eg har fått eit godt inntrykk av kyrkja i Naustdal gjennom gode samtalar med staben og med presten og i møte med soknerådet og utvala. Det har også vore ei god hjelp å ha hatt ei velskriven og informativ visitasmelding.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i eit visitasforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Reidar Knapstad.

GUDSTENESTELIVET: Når vi er her i denne flotte kyrkja, Sunnfjordkatedralen, som verkeleg er «Kyrkja midt i bygda» må vi innom gudstenestelivet. Eg ser at kyrkjesøkinga har gått ned sidan sist visitas, men med eit gjennomsnitt på 120 ligg de likevel høgt. Og det er nok heilt rett som det vart sagt i samtalen med soknerådet, at det er fleire som kjem til kyrkje i samband med trusopplæringa, men den faste kjernen går ikkje så regelmessig som før. Samstundes har fleire sagt til meg at det er triveleg å gå til kyrkje i Naustdal, og har fortalt om kyrkjekaffien bak i kyrkja som ein positiv ting. Der fekk dei tid til å snakka med folk og verta kjent med nye.

Dette ryktet må de halda ved like og spreia: «det er triveleg å møtast på gudsteneste». Og så kan de gå meir regelmessig og invitera andre med. For til gudsteneste går vi fordi vi er kristne, for å gje Gud ære og for å styrka trua vår gjennom Ordet og sakramenta.

Difor vil eg gje dykk som er her i dag ei utfordring: Det trengst nokon som kan ta hand om denne kyrkjekaffien og eg vil utfordra dykk til å melda dykk til denne viktige tenesta. Dette er eit viktig mål: å gjera det triveleg å gå til gudsteneste i desse to flotte kyrkjene. Vevring har det jo enda enklare med si flotte kyrkjestove bak i kyrkja.

DIAKONI: For dette er jo det vi kallar diakoni, omsorgstenesta. Eg er imponert over det eg vil kalla kvardagsdiakonien her. De har ein diakoniplan og de seier sjølv at de ikkje får gjort alt. Men eg ser at Naustdal er i ei særstilling med eit diakonalt kyrkjelydshus. Eg veit ikkje om nokon andre kyrkjelydar på denne storleiken som har klart å gjera kyrkjelydshuset til ein kafé og samlingsstad for bygda. Med dette huset vert «Kyrkja midt i bygda, midt i livet!» meir enn eit slagord. Eg vil gje dykk ros for at de har samarbeid med Frivilligsentralen og historielaget og sikkert fleire, og får til kafé mange dagar i

veka. De har til og med middag kvar onsdag. Det er eg imponert over. Når de må prioritera innan diakoniplanen, så bruk kyrkjelydshuset.

TRUSOPPLÆRING: Også i trusopplæringa har de ein ambisiøs og god plan, sjølv om det ikkje er ressursar og medarbeidarar nok til å gjera alt enno. Men på dei tiltaka de har, har de ein oppmøteprosent Bergen berre kan drøyma om, sjølv om det svingar frå årskull til årskull.

Ei utfordring i trusopplæringa er kva som skjer etterpå når det berre er éi samling for eit årstrinn. Eg veit at borna har kome til dykk og spurt når dei kan koma igjen. De skulle så gjerne hatt meir kontinuerleg arbeid. Det er rett nok Fredagsklubb i Vevring og søndagskule i Naustdal, men de seier at de gjerne ville ha noko meir.

Då vil eg utfordra dykk til å satsa på familiesamlingar på Kyrkjelydshuset. Dersom det til dømes var ei samling for barnefamiliar ein gong i månaden ville de ha noko å invitera borna til. I tillegg vil de då ha eit tilbod til familien samla. Det er det trong for, fordi så mange tilbod er aldersavgrensa og det er lite som samlar familien.

No er det ikkje slik at dette er min idé, den kom fram i samtalen med soknerådet og utvala. Men det er ein idé som det ligg svært godt til rette for å gjennomføra når de no har fått ei ny avdeling i kyrkjelydshuset. Og eg vil rå dykk til å satsa på eit slikt familietiltak før de tek fatt i nye trusopplæringstiltak.

VAKSENUNDERVISNING: Opplæring i trua er ikkje berre for born. Vaksne treng og eit tilbod om undervisning eller samtalekveldar. Biskopen har fått laga eit studiehefte til boka «Kristen tru oppdatert», som kan brukast, og det finst mange andre.

Sjølv om kyrkjelydshuset er blitt flott og kan vera ein samlingsstad for heile kommunen, så må ein ikkje gløyma Vevring, der har dei ei flott kyrkjestove bak i kyrkjerommet som og kan nyttast til slike kveldar for vaksne. Der må det i alle fall vera noko for vaksne ein gong i året.

MEDARBEIDARAR: Men alt dette skjer ikkje av seg sjølv. Det trengs fleire som kan ta ansvar som frivillig medarbeidar, så ikkje staben og presten vert sitjande med alle oppgåvene. Og til dykk som er med vil eg seie: Tusen takk på vegne av kyrkja, innsatsen er til velsigning for mange.

GJEVARTENESTE: Eg ser at det er god tradisjon for dugnad her i bygda, og de har alt ei gjevarteneste med brosjyre som sikkert ligg i våpenhuset. Men eg vil oppfordra dykk til å utvida gjevartenesta slik at det ikkje berre er til trusopplæringstiltak. Folk må få gje til det dei ser er viktig, anten det er diakonitiltak, kyrkjelydshuset, barnekoret eller ungdomstiltak som til dømes Ope hus.

Og så må det forkynnast at vi må vera med å gje. Mange vil ikkje merka om dei gjev ein 200-lapp som fast trekk i banken, men arbeidet vil merka det.

TIL KOMMUNEN: Eg vil seia takk til kommunen for ein god samtale med ordførar, rådmann og representantar for formannskapet. Eg merka ei omsorg for kyrkja og syn for kva kyrkja betyr for innbyggjarane i kommunen. Det var flott for meg som fungerande biskop å høyra at fleire snakka varmt om kyrkja sine gode tiltak og korleis dei og borna deira var blitt møtt av kyrkja.

Så er det ikkje til å stikka under ein stol at det også er økonomiske utfordringar med mindre enn 100% kyrkjeverje og etterslep på vedlikehald. Her må dei gode samtalanane halda fram så ein kan finna tenlege løysingar.

TAKK: Eg vil avrunda visitasen med å takka soknepresten, kyrkjeverja, soknerådet og staben, alle som har tatt del i skrivinga av visitasmeldinga, ho er god og innhaldsrik og vi har tatt det med oss og det er innarbeida i dette visitasforedraget. Takk for flott tilrettelegging av visitasen og gode møter. Takk til kantor og barnekor og alle andre medverkande for ei flott gudsteneste i dag. Takk og til prostens som har vore med å leggja til rette og har vore med heile veggen.

Og så vil eg gjenta utfordringane til dykk, som oppsummerer denne visitasen:

- Kall nye til å ta ansvar for kyrkjekaffien, og bygg trivsel rundt gudstenesta så fleire går oftare.
- Prioriter eit familiarbeid i kyrkjelydshuset. Det er god diakoni.
- Ta grep for å få til undervisningskveldar for vaksne.
- Forkynn fram gjevarglede og legg til rette for ei spissa gjevarteneste.

Og med desse utfordringane takkar eg for gode dagar og reiser frå Naustdal med mange gode minne. Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkjelyden i Naustdal, så de kan vera «Kyrkja midt i bygda, midt i livet!»

Bjørgvin bispestol, 5. oktober 2014

Jan Otto Myrseth - Fungerande biskop